

Til Alver kommune.

Innspel til arealplan for Alver kommune om kaiprojekt og småbåthamn ved Brusundet på Lygra.

I samband med at Lygrasamfunnet fekk veg ut til øya i 1972, vart det i 1973 sett i gang eit jordskifte mellom grunneigarane på Lygra - for å ordne opp i gamle rettar i samband med framføring av den nye vegen.

Ved framføring av vegen vart det lagt ut eit felles kai- og utskipningsområde ved Brusundet på gnr/bnr 10, Jfr. vedlagt liste over grunneigarar Vedlegg 3. Jordskiftet i 1973 innebar at 11 gardsbruk fekk lagt ut 11 båtplasser med ca +/- 3,5-4,0 lengdemeter strandlline og ca +/- 5-8 meter areal i bakkant av strandlina. Sjå vedlagte kartutsnitt, Vedlegg 1 og 2. Dette inneber omlag 40 lengdemeter med strandline fordelt på desse 11 gardsbruka på Innluro. Det er denne strandlina og dette bakområdet saka dreier seg om i ved vårt innspel til kommuneplanen. Vi er usikre på kva planstatus dette området måtte ha i plansamanheng, men no vil vi få orden på dette sidan det opphaveleg vart avsett til fortøyning av båtar med meire for rettighetshavarane.

I tillegg vart det i jordskiftet lagt ut felles landingsplass for opptrekk og utsetjing av båtar, ved og husdyr med meir med felles avkøyning fra den nye vegen.

Vi ynskjer at dette området no vert lagt ut som område for ei småbåthamn i arealplanen for Alver kommune, slik at området kan praktisk tilretteleggjast i tråd med føremålet: Felles båt område for desse bruka. Hamneområdet for desse bruka er plassert i det beskytta Brusundet mellom anna fordi værtilhøva på både sider av øya er ikkje eigna for sikker fortøyning av båtar.

Vi ynskjer i tillegg at det vert sikra eit sjøareal på om lag 12-15 meter framfor det omsøkte arealet på land, med høve til å leggja ut ei om lag 40 meter lang og 2 meter brei flytebrygge, eventuelt fleire mindre brygger, slik at båtplassane kan nyttast på ein tryggare måte.

I denne fasen av planprosessen ynskjer vi at området, jfr. kartskeisse Vedlegg 1, vert avsett til dette føremålet i arealdelen i kommunedelplanen. Vi vil seinare utarbeide ein plan for korleis området skal tilretteleggjast og byggjast ut.

Vi ber Alver kommune ta kontakt med grunneigarane ved underteikna dersom denne anmodninga er mangelfull eller at kommunen ynskjer ytterlegare opplysningar.

Lygra 12.09.2022

Med helsing

Arnljot Jordal, på vegne av grunneigarar i området.

Vedlegg 1: Skisse av planområde for småbåthamn i Brusundet

Vedlegg 2: Plan for småbåthamn i Brusundet

Vedlegg 3: Oversyn grunneigarar i det aktuelle prosjektet